



Nordbohus Villander & Sønner AS
Rune Kristoffersen
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4004 - 14/18040

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

12.08.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr.134/165 Hilland

Teknisk drift syner til søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for 4 bueiningar datert 02.05.2014 og e-post med etterlyst dokumentasjon datert 06.08.2014, gbnr 134/165 Hilland.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle for inntil 4 bueiningar, gbnr 134/165, på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming av avkjørsle fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N 100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, dreneringsrøyr under avkjørsla, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktzone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no (Veglova , samt forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905) og www.vegvesen.no (vegnormal N100).
- Avkjørsla skal være plassert som vist på revidert situasjonskart datert teknisk drift 12.08.2014.

Vi gjer merksam på at arbeid med etablering av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, vegnormal N100, samt forskrift av 1964 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningslova § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert situasjonskart gbn 134-165

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Kjetil Eikefet

Mottakarar:

Nordbohus Villander & Sønner AS Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ